



**OBS at nokre saker kan vera
U.off. Det er avmerka øverst til
høgre på dei sakene det gjeld**

Kontrollutvalet

Bergen, 22.september 2010

Innkalling til møte i kontrollutvalet

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

Onsdag 29.09.2010 kl. 10.30

i Kommunestyresalen

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er til Kari Nygard, tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183, kari.nygard@post.hfk.no eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53/911 05 982, hogne.haktorson@post.hfk.no . Det er planlagt at Kari Nygard møter frå sekretariatet på dette møtet.

Til varamedlemmer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemmer må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Arne Klepsvik (s)
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Rådgevar

Vedlegg: Sakliste

Kopi: Varamedlemmer til kontrollutvalet
Ordførar i Austevoll kommune
KPMG
Rådmannen i Austevoll kommune

(har møte- og talerett)
(har møte- og talerett)

Sakliste:

Saknr.	Sak	Merknad
21/10	Godkjenning av innkalling og sakliste	
22/10	Godkjenning av protokoll frå møte 14.06.10 og frå møte 10.09.10	Vedlegg
23/10	Orienteringssaker	
24/10	Meldingar	Vedlegg
25/10	Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2011	Vedlegg
26/10	Gjennomgang av møteprotokollar	Alle møteprotokollane kan lastas ned og lesast på Austevoll kommune si heimeside
	Ymse	



MØTEPROTOKOLL

Kontrollutvalet

Dato: 14.06.10 **Kl.:** 10.30 – 12.45 **Stad:** Kommunestyresalen

Saknr.: 13/10 – 19/10

MØTELEIAR

Arne Kalve Klepsvik (H)

DESSE MØTTE

Hans Reidar Njåstad (SP)
Anne-Kristine Bakke (Ap)
Kjell Nøttingnes (KrF)

FORFALL

Anne Marie Otterå Halstensen (FrP), vararepresentantar var forsøkt innkalla, men kunne ikkje møta.

DESSUTAN MØTTE

KPMG v/Helge Hellem under handsaming av sak 18/10.
Frå administrasjonen møtte rådmann Rolf Nøstdal og økonomisjef Liv Bente Storebø under handsaming av sak 15/10, sak 17/10 og sak 18/10.
Hordaland fylkeskommune, sekretariat for kontrollutvalet v/ Kari Nygard.

Sakliste:

Saknr.	Sak
13/10	Godkjenning av innkalling og sakliste
14/10	Godkjenning av protokoll frå møte 07.04.10
15/10	Orienteringssaker
16/10	Meldingar
17/10	Kontrollrapport 2009 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen i Austevoll kommune. Uttale frå kontrollutvalet.
18/10	Rekneskap 2009 for Austevoll kommune. Uttale frå kontrollutvalet
19/10	Gjennomgang av møteprotokollar
	Ymse

13/10 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

VEDTAK

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

14/08 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 07.04.10.

HANDSAMING I MØTET

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 07.04.10.

VEDTAK

Protokollen frå møte 07.04.10 vart samrøystes godkjend.

15/10 ORIENTERINGSSAKER

Desse orienteringssaken vart lagt fram:

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørende:
1	Rådmann	Rekneskapsrapport pr. april 2010
2	Sekretariatet	Rekneskapsoversyn pr. 25.05.10 for kontrollutvalet sitt budsjett-område
		Ymse

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar orienteringane til orientering.

HANDSAMING I MØTET:

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørende:
1	Rådmann	Økonomisjef Liv Bente Storebø orienterte til kontrollutvalet om rekneskapsrapport pr. april 2010. Rådmann Rolf Nøstdal var og med under orienteringa og supplerte med opplysningar. Kontrollutvalet stilte spørsmål og kom med kommentarar.
2	Sekretariatet	Rekneskapsoversyn pr. 25.05.10 for kontrollutvalet sitt budsjett-område vart gjennomgått. Kontrollutvalet tok det til orientering.
		Ymse – ingen andre orienteringssaker

VEDTAK

Kontrollutvalet tar orienteringane til orientering.

15/10 MELDINGAR

Desse meldingane vart lagt fram:

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Austevoll kommune	Meldingar om vedtak i kommunestyret: <ul style="list-style-type: none">• Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 07.04.10• Årsmelding frå kontrollutvalet for 2009• Rapport etter prosjekt innan selskapskontroll• Val av revisor
		Ymse

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek meldingane til orientering.

HANDSAMING I MØTET:

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Austevoll kommune	Meldingar om vedtak i kommunestyret vart gjennomgått og kommentert. <ul style="list-style-type: none">• Vedr. sak om val av revisor låg det føre notat frå ordførar, om korleis ein skal syta for at ein har avtale med revisor også etter 30.06.10. Kontrollutvalet påpeika at det må gjerast avtale med noverande revisor om å forlenga avtalen til avklaring om avtale om revisjon for ny periode ligg føre.• Vedr. prosjekt innan selskapskontroll så merkar kontrollutvalet seg vedtaket i kommunestyret. Utvalet vil på eit møte til hausten ha ei drøfting på korleis ein skal arbeida vidare med prosjekt innan plan for selskapskontroll.
		Ymse – ingen meldingar under ymse.

VEDTAK

1. Kontrollutvalet viser til notat frå ordførar og vil påpeika at det må gjerast avtale med noverande revisor om å forlenga avtalen til avklaring om avtale om revisjon for ny periode ligg føre.
2. Kontrollutvalet vil på eit møte til hausten ha ei drøfting på korleis ein skal arbeida vidare med prosjekt innan plan for selskapskontroll.

Dei andre meldingane om vedtak i kommunestyret vert teke til orientering.

17/10 KONTROLLRAPPORT 2009 VEDR. SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I AUSTEVOLL KOMMUNE. UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET.

FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest, konkluderer med at Austevoll kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert utført på ein tilfredstillande måte, men med unnatak av dei tilleggsmerknadane som er gjeve i kontrollrapport datert 15.02.10.
2. På bakgrunn av dette må ein kunne ha forventning om at det vert sett fokus på dei avdekkede punkt for forbetring som går fram av kontrollrapporten.
3. Austevoll kommune sitt skatterekneskap og kontrollrapporten frå Skatteetaten, Skatt vest vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Liv Bente Storebø orienterte om skatteoppkrevjarfunksjonen. Det er inngått avtale med Os kommune frå 01.05.10 om å kjøpe tenester innanfor dette området. Kontrollutvalet merka seg at dette vil styrka arbeidet når det gjeld ressursar og kompetanse innan skatteoppkrevjarfunksjonen. Det vart opplyst at det no er utarbeidd verksemdsplan, som er påpeika i skatteetaten sin årsrapport. Kontrollutvalet hadde elles ikkje merknader til kontrollrapporten og forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest, konkluderer med at Austevoll kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som vert utført på ein tilfredstillande måte, men med unnatak av dei tilleggsmerknadane som er gjeve i kontrollrapport datert 15.02.10.
2. På bakgrunn av dette må ein kunne ha forventning om at det vert sett fokus på dei avdekkede punkt for forbetring som går fram av kontrollrapporten.
3. Austevoll kommune sitt skatterekneskap og kontrollrapporten frå Skatteetaten, Skatt vest vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

18/10 REKNESKAP 2009 FOR AUSTEVOLL KOMMUNE. UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET.

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Austevoll kommune sin årsrekneskap for 2009.

HANDSAMING I MØTET

Økonomisjef Liv Bente Storebø la fram rekneskapen og orienterte til kontrollutvalet om resultatata for 2009. Rådmann Rolf Nøstdal var og med under saka og gav ytterlegare opplysningar. Revisor Helge Hellem la fram rapport etter revisjonsarbeidet. Det vart påpeika, både av revisor og rådmann, at det er utført eit godt arbeid ved økonomikontoret i 2009, og kontrollutvalet merka seg dette. Rutinar og dokumentasjon for rekneskapsarbeidet er retta opp i stor grad, og det vart orientert om korleis dette arbeidet vil bli vidareført i 2010. Kontrollutvalet gjorde nokre endringar i forslaget til uttale til rekneskapen. Etter det vart uttalen til rekneskap for 2009 samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet vedtek uttale om Austevoll kommune sin årsrekneskap for 2009.

19/10 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

HANDSAMING I MØTET

Aktuelle protokollar vart gjennomgått, og nokre av sakene vart drøfta. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

YMSE

Det var ingen saker å ta opp under ymse.

Arne Kalve Klepsvik
Leiar

Kari Nygard
Sekretær



SAKSFRAMLEGG

Til: Kontrollutvalet

Dato: 29.september 2010

Sakshandsamar: Nygard, Kari

Kopi til:

Sak: 23/10

23/10 ORIENTERINGSSAKER

Nr.	Orientering frå:	Orientering vedrørande:
1	Kontrollutvalsleiar	Sak vedr. val av revisor <ul style="list-style-type: none">Saka skal handsamast i kommunestyret 28.09.10.
2	Sekretariatet	Revisjonsrapportar til Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) si heimeside
		Ymse

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tar orienteringa til orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Rådgjevar



SAKSFRAMLEGG

Til: Kontrollutvalet

Dato: 29.september 2010

Sakshandsamar: Nygard, Kari

Kopi til:

Sak: 24/10

24/10 MELDINGAR

Nr.	Melding frå:	Melding vedr.:
1	Austevoll kommune	Meldingar om vedtak i kommunestyret: <ul style="list-style-type: none">• Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.06.10• Rekneskapsrapport mai 2010• Nytt Økonomi- og Finansreglement for Austevoll kommune 2010
2	Sekretariatet / økonomikontoret	Rekneskapsstoda for kontrollutvalet sitt budsjett pr. september 2010
		Ymse

FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek meldingane til orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Rådgjevar

Vedlegg:

- Utskrifter frå møteprotokollen til kommunestyret 29.06.10
- Rekneskapsoversyn



Austevoll kommune

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Sekretariat for kontrollutval
- 8 JUL 2010

Hordaland fylkeskommune
Kontrollutvalssekretariatet
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår ref.
10/576-10/9963/SHO

Arkivkode
FE-033

Dykkar ref.

Dato
05.07.2010

Melding om politisk vedtak - Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.06.2010

Austevoll kommunestyre hadde i møte 29. juni i år føre protokoll frå møte i kontrollutvalet 14.06.2010. Det vart under sak 095/10 gjort følgjande samrøystes vedtak:

Austevoll kommunestyre tek møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.06.2010 til orientering.

Dette til orientering.

Med helsing

Helge Andre Njåstad
Ordfører



Austevoll kommune

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Sekretariat for kontrollutval
- 8 JUL 2010

Hordaland fylkeskommune v/kontrollutvalet
Fylkesmannen i Hordaland

Vår ref. 10/376-10/10056/SHO	Arkivkode FE-200	Dykkar ref.	Dato 07.07.2010
--	----------------------------	--------------------	---------------------------

Melding om politisk vedtak - Rekneskapsrapport mai 2010

Austevoll kommunestyre hadde i møte 29. juni i år føre rekneskapsrapport pr. mai 2010. Det vart under sak 097/10 gjort følgjande samrøystes vedtak:

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter mai 2010 til orientering

Austevoll kommunestyre ber rådmannen gjera greie for kva som vert gjort for å halde budsjettet ved årsslutt for desse einingane:

- *Offentleg servicekontor*
- *Trolandshamar skule*
- *Austevoll ungdomsskule*
- *Barnevern*

Til vidare orientering følgjer som vedlegg administrasjonen sitt saksframlegg.

Med helsing

Helge Andre Njåstad
Ordførar

Vedlegg.

SAKSFRAMLEGG

Saksnr	Utval	Møtedato	Sakshandsamar
097/10	KOMMUNESTYRET	29.06.2010	Liv Bente Storebø

Arkivsaknr. 10/376	Arkiv: FE-200
--------------------	---------------

Rekneskapsrapport mai 2010

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter mai 2010 til orientering

29.06.2010 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Ronald Persen: Rådmannen si tilråding med dette tillegget:

Austevoll kommunestyre ber rådmannen gjera greie for kva som vert gjort for å halde budsjettet ved årsslutt for desse einingane:

- Offentleg servicekontor
- Trolandshamar skule
- Austevoll ungdomsskule
- Barnevern

Framlegget vart det samrøystes vedteke.

KST-097/10 Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter mai 2010 til orientering

Austevoll kommunestyre ber rådmannen gjera greie for kva som vert gjort for å halde budsjettet ved årsslutt for desse einingane:

- Offentleg servicekontor
- Trolandshamar skule
- Austevoll ungdomsskule
- Barnevern

Bakgrunn for saka:

Etter kommunen sitt økonomi- og finansreglement skal det rapporterast kvar månad om utviklinga i utgifter og inntekter.

I samanlikningsgrunnlaget vert det teke utgangspunkt i eit periodisert budsjett for 2010 med dei endringane som så langt er vedtekne og registrerte. Det er valt å nytta nettobudsjett for å gje eit bilete av utviklinga på kvart ansvarsområde. Når det gjeld forbruk i % er det teke utgangspunkt i totalbudsjett for året. Budsjettet er så langt det let seg gjere periodisert ihht når inntektene og kostnadene kjem inn i rekneskapet. På område med sjølvkost har forbruk av årsbudsjett inga meining fordi sjølvkostfonda blir ført i slutten av året.

Rådmannen viser elles til dei månadlege meldingane om skatteinngang.

	Regnskap pr. mai	Periodebudsjett	Reg. budsjett t 2010	Budsjet Avvik i kr.	Forbruk i %	Regnskap mai 09
Driftsinntekter						
Brukerbetalinger	4 095 661	3 439 112	8 253 868	656 550	50 %	3 170 657
Andre salgs- og leieinntekter	6 764 747	7 255 021	16 382 830	-490 274	41 %	6 335 159
Overføringer med krav til motytelse	12 515 638	11 299 244	25 538 575	1 216 393	49 %	8 270 678
Rammetilskudd	36 600 368	36 603 000	73 206 000	-2 632	50 %	29 293 349
Andre statlige overføringer	12 104 812	10 904 685	25 882 605	1 200 127	47 %	12 564 672
Skatt på inntekt og formue	59 621 524	61 503 817	126 421 000	-1 882 292	47 %	74 856 940
Eiendomsskatt	6 079 625	6 098 300	12 196 600	-18 675	50 %	5 819 041
Sum driftsinntekter	137 782 376	137 103 179	287 881 478	679 197	48 %	140 310 496
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	62 826 889	64 457 090	146 878 598	-1 630 201	43 %	59 769 514
Sosiale utgifter	18 068 164	21 176 612	47 856 758	-3 108 448	38 %	18 321 608
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	13 243 105	13 413 208	31 116 818	-170 103	43 %	14 057 422
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	6 796 948	7 819 534	17 159 881	-1 022 586	40 %	9 740 515
Overføringer	16 911 593	13 506 100	32 260 640	3 405 493	52 %	15 975 467
Fordelte utgifter	-31 133	19 312	46 350	-50 445	-67 %	-11 250
Sum driftsutgifter	117 815 567	120 391 858	275 319 045	-2 576 291	43 %	117 853 275
Brutto driftsresultat	19 966 809	16 711 321	12 562 433	3 255 488		22 457 221
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	19 997	250 958	602 300	-230 961	3 %	5 452
Mottatte avdrag på utlån	6 700	16 667	40 000	-9 967	17 %	2 000
Sum eksterne finansinntekter	26 697	267 625	642 300	-240 928	4 %	7 452
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	1 888 413	2 682 333	6 660 000	-793 921	28 %	4 094 410
Avdragsutgifter	3 592 306	2 992 000	7 480 000	600 306	48 %	2 363 646
Utlån	41 689	16 667	40 000	25 023	104 %	7 000
Sum eksterne finansutgifter	5 522 408	5 691 000	14 180 000	-168 592	39 %	6 465 056
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-5 495 711	-5 423 375	-13 537 700	-72 336	41 %	-6 457 603
Netto driftsresultat	14 471 098	11 287 946	-975 267	3 183 152		15 999 617
Bruk av disposisjonsfond	1 423 612	1 423 611	3 416 667	1	42 %	0
Bruk av bundne fond	110 000	296 917	2 558 600	-186 917	4 %	20 000
Sum bruk av avsetninger	1 533 612	1 720 528	5 975 267	-186 916	26 %	20 000
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	416 667	5 000 000	-416 667		0
Avsetninger til bundne fond	14 949	0	0	14 949		0
Sum avsetninger	14 949	416 667	5 000 000	-401 718		0
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	15 989 761	12 591 807	0	3 397 954		16 019 617

Inntektene så langt er bokført med om lag 137,8 mill. kroner. Det vil seia 48% av årsbudsjettet. Til same tid i fjor var inntektene på 140,3 mill kroner . Inntektene er om

lag 0,7 mill. kroner høgre enn budsjett. Alle inntektene bortsett frå skatt på inntekt og formue og leigeinntekter er høgare enn budsjettet. Les meir om skatteinntektene under området skatter og rammetilskot og eige sak vedrørande skatteinntekter for april og mai..

Brutto driftsutgifter så langt i år utgjer 117,8 mill kroner, om lag det same som til same tid i 2009. Det svarer til 43 % av årsbudsjettet. Eit periodisert budsjett tilseier om lag 120,4 mill. kroner i brutto utgifter. Mindreforbruket i driftsutgifter mot periodisert budsjett er på 2,6 mill kr som i hovudsak skyldast lågare lønskostnader og kostnader vedrørande kjøp av tenester, medan overføringar er noko høgre enn budsjett.

	Regnskap	Budsjett	Avvik i kr.	Avvik i %
Januar	16 184 831	16 251 582	-66 751	-0,41 %
Februar	14 726 245	15 998 174	-1 271 929	-7,95 %
Mars	15 021 155	15 868 257	-847 102	-5,34 %
April	15 414 186	16 334 915	-920 729	-5,64 %
Mai	15 346 973	16 171 016	-824 043	-5,10 %
Juni	2 558 501	2 358 523	199 978	8,48 %
Sum	79 251 891	82 982 467	-3 730 576	-4,50 %

Løn og sosiale utgifter syner så langt eit forbruk på om lag 41,5 % av årsbudsjettet. Løn og sosiale utgifter inklusiv refusjon sjukepengar ligg tilsaman 3,7 mill kroner lågare enn periodisert budsjett etter 5 månader. Dette skyldast mindre vikarbruk, lågare pensjonskostnader og lågare arbeidsgivaravgift enn budsjettet. Ein reknar med at desse postane går opp i sommarmånadane da det store mindreforbruket ligg på sektor Helse og Sosial. Av erfaring veit ein at vikarbruken går opp på denne sektoren i feriemånadane. Når det gjeld pensjonskostnaden får ein ikkje fullstendig oversyn før NRSP beregninga på pensjonsforsikring kjem i slutten av året.

Andre utgifter syner eit forbruk på 41,4 % av budsjettet, eller 1,2 mill under eit periodisert budsjett. Dette skyldast lavt innkjøp av materialer til vedlikehald og lågare kostnader på konsulenttenester. Fortsatt manglar det faktura på ein del faste årlege kostnader.

Overføringar syner eit forbruk på 52 %, rekneskapet viser eit meirforbruk på 3,4 mill kroner. Det er motteke ca. 1,6 mill kroner i spelemidler til Austevollshallen som er vidare utbetalt, og som ikkje var ført inn i budsjettet. I tillegg er det ført momskompensasjon på 2,5 mill kroner som heller ikkje er budsjettet under overføringar men direkte på kostnadene.

Totalt sett er rekneskapet etter 5 månader i underkant av 3,4 mill kroner betre enn budsjett. Alle etatane har så langt i år brukt mindre enn budsjett, bortsett fra sentraladministrasjonen.

Brutto budsjettet for 2010 for dei 3 sektorane er på 280,2 mill. kroner. Det er ein auke frå rekneskap 2009 på nesten 5 mill. kroner, eller 1,8 %. Nettobudsjettet for sektorane er på 205,8 mill. kroner. Det er ei auke frå rekneskap 2009 på 13,1 mill. kroner, eller 6,4 %.

Sektor	Regnskap	Periode budsjett		Års budsjett	Avvik i kr.	Regnskap
	30.05.2010	2010	2010	0	30.05.2009	
Sentraladministrasjonen	14 481 905	13 478 981	32 554 299	1 002 924	16 970 724	
Undervisning og kultur	29 025 714	31 701 835	75 819 389	-2 676 121	31 025 583	
Helse og Sosial	38 910 610	43 362 368	96 060 012	-4 451 758	43 185 448	
Skatter og rammetilskot	-103 904 048	-106 585 075	-216 035 500	2 681 027	-113 840 154	
Finansiering	5 496 059	5 450 083	11 601 800	45 976	6 474 887	
TOTALT	-15 989 760	-12 591 808	0	-3 397 952	-16 183 512	

Kort samandrag på kvar sektor:

- Austevoll sine frie inntekter består av ordinær skatt, eigedomsskatt og statleg rammeoverføring fråtrekt inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert med kr. 211,8 mill .
- Sentraladministrasjonen har et meirforbruk på kr. 1 002 000, dette skyldast i stor grad manglande husleigeinntekter og høgre straumutgifter, både på kommunehuset og omsorgsbustader. I tillegg har denne sektoren ein del sjølkostfond som blir nullstilt i slutten av året, fonda påverkar resultatet negativt i denne perioden. Heile vedlikehaldsbudsjettet på kommunale vegar er brukt opp i perioden.
- Sektor for undervisning og kultur har et mindreforbruk på kr. 2.700.000. i hovudsak skyldast dette at mykje av innkjøpa blir gjort til hausten. På dei områda det er meirforbruk er oftast grunnen manglande refusjon frå staten, eller manglande tildelingar frå felleskostnader.
- Sektor for Helse og sosial har et mindreforbruk på kr.4 434 000. Mindreforbruket er størst på PO sentrene, heimetenestene og bufellesskapet. Mindreforbruket her skyldast i stor grad mindre bruk av vikarar enn budsjettert. Det har og vore nytta ufaglært personale på pleieheimane grunna manglande faglært personale. Ein reknar med at vikarpostane aukar etter sommaren, slik at mindreforbruket blir lågare på sektoren. Det er og lagt tilbake 3,4 mill kroner i budsjettet, jfr. Kommunestyrevedtak 039/10 der 5/12 av dette påverkar denne perioden.
- Skatteinntekter og rammetilskot har mindreinntekter på kr. 2.681.000. Midreinntektene skuldast i hovudsak at skatteinntektene er lågare og inntektsutjamninga som reduserer skatteinntektene er høgre enn budsjettert. Eigedomsskatten er som budsjettert.
- Finansiering er omtrent i balanse. Det er lågare renteutgifter enn budsjettert, medan avdraga er høgre enn budsjettert.

I. Sentraladministrasjonen og Kyrkja

	Regnskap	Periode budsjett	Års budsjett	Avvik i kr.	Frobru k i %	Regnskap
	30.05.2010	2010	2010		0 forbruk	30.05.2009
Politiske styringsorgan	661 308	712 593	1 592 766	-51 285	42	698 222
Revisjon	74 600	109 375	262 500	-34 775	28	334 488
Rådmannskontor	2 412 693	2 621 432	5 893 542	-208 739	41	2 337 449
Økonomikontor	1 437 524	1 387 387	3 107 187	50 137	46	1 275 135
Offentlig servicekontor	2 777 139	1 477 552	1 822 182	1 299 587	152	4 756 043
Kommunehuset	667 947	304 879	646 510	363 068	103	968 191
Nordstrandbygget	-145 273	-128 750	-309 000	-16 523	47	-149 016
Ymse tenester	5 244 988	5 643 930	16 297 212	-398 942	32	5 460 462
Kyrkja	1 350 583	1 350 583	3 241 400	0	42	1 289 750
Sentraladministrasjonen	14 481 509	13 478 981	32 554 299	1 002 528		16 970 724

Økonomi:

Sentraladministrasjonen har et meirforbruk på kr.1 002 000, dette skyldast i stor grad manglande periodisering på ein del kostnader gjeldande OU midlar, høgre forsikring enn budsjettert manglande husleigeinntekter på kommunehuset og høge brøytekostnader i vinter. Det er gjort periodiseringar i budsjettet, slik at ein har prøvd så godt det lar seg gjere å få inntekter og kostnader i dei periodane dei påløper. Under er det gitt kommentarer på vesentlige avvik, uvesentlige avvik blir som regel ikkje kommentert.

Revisjon

Aktivitet noko lågare enn budsjettert. Dette skuldast manglande fakturering på revisjon. Ein reknar med at faktura kjem i Juni.

Rådmannskontoret

Rådmannskontoret har et mindreforbruk samanlikna med periodisert budsjett på kr. 209 000. Feiing, beredskap og naudmeldingssentral har lågare kostnader enn budsjettert, medan overordna planlegging har høgare inntekter enn budsjett. Ein reknar med at dette vil balansere seg ut over året.

Økonomikontoret

Økonomikontoret har et meirforbruk på kr. 50 000. Dette skuldast unytta ferie til langtidssjukmeld og den sjukemeldtes erstattar som ikkje fekk ta ut nok feriedagar i 2009 og som er i hht ferielova utbetalt i januar 2010. Avviket vil jamna seg ut gjennom året.

Offentleg servicekontor

Meirforbruk på kr. 1.300.000 her skyldast fleire forhold. På administrasjonen er løn overskrede av same grunn som på økonomikontoret, feriepengar for personar som har vært sjukmelde i 2009. I tillegg er det brukt for mykje på løn dei tre fyrste månadene, dette heng saman med at planlagde reduksjonar på tenester ikkje kom i gong før etter mars. Dei neste periodane vil dette forhåpentlegvis jamna seg ut. Kostnadene på kart og oppmåling er noko høgare enn budsjettert, dette skyldast høgare kostnader med oppmåling enn budsjettert, i tillegg til at det har blitt gitt rabatt til store kundar på nokre av oppmålingstenestene. Det kjem opp eiga sak gjeldande kart og oppmåling. Budsjettet på vedlikehald vegar er brukt opp, her er det ingen midlar att. Det er førebels ikkje utført vedlikehald på tenestebustader. Husleigeinntekta på omsorgsbustader er noko lågare enn budsjettert, dette skyldast at planlagd husleigeauke som gjeld frå 01.07.2010, er periodisert i budsjettet over heile året. I tillegg har nokre bustader stått tomme i perioden. Det er utfakturert noko lågare byggesaksgebyr enn budsjettert, dette heng saman med at aktiviteten er redusert grunna nye oppgåver som er overført frå overordna planlegging utan at bemanninga er styrka. Bustadtiltak viser et meirforbruk, dette er utdelte midlar som blir dekt av staten eller blir trekt frå fond av midlar vi har motteke tidlegare år, slik at tiltaket vil balansere ved årsslutt. Inntektene på slam og renovasjon er noko høgare enn budsjettert. Både slam og renovasjon viser overskot, dette er ikkje reelle overskot, da desse blir ført på sjølkostfond ved årsslutt.

Kommunehuset

Meirforbruket på Kommunehuset skyldast i hovudsak manglande husleigeinntekter og høgare straumutgifter enn budsjettert. Det er ført svært få andre kostnader i desse fem månadene, dette fører til at meirforbruket er noko redusert. Straumutgiftene kan ein ikkje endra på, då det ikkje er sett i verk straumsparende tiltak, men inntektene på husleiga rettar seg i seinare periodar når denne blir fakturert.

Ymse tenester

Ansvarsområdet har et mindreforbruk på kr. 399.000. Forsikring utstyr har et meirforbruk på kr. 107.000 mill kroner, dette avviket vil ikkje retta seg opp, mulig omdisponering av midlar eller det må lagast sak om tilleggslyyving. AFP og IT har et mindreforbruk grunna kvartalsvis fakturering der kostnadene kjem i juni. Andre fellesutgifter har i perioden et meirforbruk som skuldast høgare portoutgifter enn budsjettert, men noko skuldast feil i periodisering av endringspostar i budsjett som vil jevne seg ut dei neste periodane.

2. Undervisning og kultur

	Periode		Års budsjett	Avvik i kr.	Frøbru	
	Regnskap	budsjett			k i %	Regnskap
	30.05.2010	2010	2010		0 forbruk	30.05.2009
Skulekontor	330 904	499 730	1 098 968	-168 826	30	692 298
Skulepsykologisk kontor	643 455	738 908	1 697 058	-95 453	38	651 420
Selbjørn skule	4 977 255	5 054 092	11 252 216	-76 837	44	4 906 593
Møksterskule	688 754	637 680	1 428 759	51 074	48	523 982
Trolandshamar skule	2 923 330	2 805 270	6 261 728	118 060	47	2 918 320
Storebø skule	6 238 997	6 201 393	13 777 156	37 604	45	6 348 925
Austevoll ungdomsskule	8 072 472	7 841 971	17 407 019	230 501	46	8 190 134
Vinnes skule	0	0	0	0		1 303 574
Kolbeinsvik skule	2 173 718	2 076 768	4 622 531	96 950	47	1 957 337
Grunnskulen felleskostnader	1 920 846	3 422 340	7 894 209	-1 501 494	24	1 965 754
Vaksenopplæring	102 203	530 510	1 156 470	-428 307	9	337 624
Småttun barnehage	-460 477	-485 207	1 015 498	24 730	-45	1 088 478
Barnehage Fellesutgifter	0	-4 167	-10 000	4 167	0	11 020
Private barnehager	-17 263	702 273	4 474 095	-719 536	0	-1 485 861
Spesialpedagogiske tiltak	-42 464	111 624	188 929	-154 088	-22	120 011
Kulturskule	418 379	551 419	1 183 854	-133 040	35	468 402
Kulturkontor	641 581	584 580	1 397 681	57 001	46	622 946
Bibliotek	414 024	432 651	973 218	-18 627	43	404 626
Undervisning og kultur	29 025 714	31 701 835	75 819 389	-2 676 121		31 025 583

Skulekontoret

Forbruk som planlagt, ingen kommentarar ut over dette.

Skulepsykologisk kontor

Totalt sett mindreforbruk på kr. 95.000 grunna reknningar som kjem kvartalsvis, men er periodisert i budsjett 12/12. Ein reknar med at rekneskapet går i balanse ved årsslutt.

Selbjørn skule

Totalt har skulen et mindreforbruk på kr. 85.000.

Undervisning har et mindreforbruk på kr. 380.000 som i hovudsak kjem frå lågare lønnskostnader enn budsjettet, og meir refusjon sjukepengar.

Skulelunsj har et mindreforbruk på kr. 23.000 Funksjonen skal være til sjølkost, og skal gå i null ved årsslutt.

Skulefritidsordninga har et meirforbruk på kr. 154.000. Tildelt budsjett er 7/12 av årsbudsjett, og rekneskapen vil truleg balansera ved årsslutt.

Drift og vedlikehald har et meirforbruk på kr. 164.000. Dette skuldast høgare straumutgifter og vedlikehald enn budsjettet, samt høgare meirforbruk på fastløn. Pålagde utgifter gjer at om lag 84 % av vedlikehaldsbudsjettet er brukt. Berre akutt vedlikehald vert utført, men dette vert løpande vurdert opp mot skulen sitt totalbudsjett.

Møkster skule

Skulen har et meirforbruk totalt på kr. 51.000, dette er i hovudsak grunna høgare vikarbruk enn budsjettet. Midlar frå grunnskulen sine felleskostnader er no overført til Møkster skule sitt budsjett og ein må sjå nærare på om det er overført for lite midlar til budsjett.

Trolandshamar skule

Totalt et meirforbruk på kr. 118.000 som i hovudsak skuldast høgare straumutgifter og lønnskostnader enn budsjettet. Det er overført midlar frå grunnskulen sine felleskostnader til Trolandshamar skule, men ein må fortløpande vurdere om det er overført nok midlar til skulen. Det vil bli brukt investeringsmidlar til straumsparende tiltak i næraste framtid. Det har og vore ein ekstrem kald og lang vinter.

Storebø skule

Totalt på skulen er det et meirforbruk på kr. 38.000.

Undervisning. Eit høgt forbruk på sjukevikarar, men dette får ein stort sett inn igjen via refusjon sjukepengar. Forbruket på undervisning er så langt kr. 125.000 lågare enn budsjett .

Drift og vedlikehald har eit meirforbruk på kr. 201.000,- dette har fleire årsaker. Sjukevikar for reinhaldar låg tidlegare inne med fastløn, dette dreg ein med seg vidare.

For å få gjort unna alt reinhald med ein reinhaldar sjukmeldt, har me måtte ty til ein del overtid som det ikkje er budsjettert for. Senioravtale med eingongsutbetaling på kr. 44.000 var ikkje teke med i budsjett. Langt høgare straumutgifter enn kva som er budsjettert med, men reknar med lavare straumforbruk dei neste månadene.

SFO har et mindreforbruk på kr. 43.000. Ingen kommentarer ut over det.

Austevoll ungdomsskule

Ungdomsskulen har eit meirforbruk i regnskapet på kr 230 000, men dette gjer ikkje det rette bilete. Rekneskapet for Musikal og skulelunsj har i perioden et overskot på til saman kr.

210.000, begge desse funksjonane skal førast etter sjølkost der eventuelt overskot blir ført på fond ved årsslutt. Meirforbruket for ungdomsskulen blir dermed på kr 440 000.-,

Undervisning har et meirforbruk på kr. 58.000, i hovudsak grunna manglande refusjonar frå andre kommunar og lågare pensjonskostnader enn budsjettert, dette rettar seg vanlegvis i slutten av året.

Drift og vedlikehald har eit meirforbruk på kr. 189.000. Dette skyldast mykje bruk av overtid sidan ein reinhaldar har vore sjukemeldt i lengre tid. Vikar er nå på plass. Vi har også eit meirforbruk på straum i forhold til budsjett. Det vil bli brukt investeringsmidlar til straumsparende tiltak i næraste framtid.

Kolbeinsvik skule

Totalt sett har skulen et meirforbruk på kr. 97.000

Hovudårsaka er høgare lønskostnader enn budsjettert. Det er overført midlar frå Grunnskulen sine felleskostnader grunna tildelingar for einskildvedtak våren 2010. I perioden manglar det refusjon svangerskapspermisjon, dette blir retta opp i juni rapporten.

Grunnskulen sine felleskostnader

Aktivitet som planlagt, totalt med eit mindreforbruk på kr. 1.501.000. Det er midlar att til fordeling av einskildvedtak og endringar på budsjettet til hausten. Midlar som skal overført til andre kommunar blir ikkje fordelt før på slutten av året.

Vaksenopplæringa

Vaksenopplæringa har et mindreforbruk på til saman kr. 428.000 Dette grunna at statstilskota for heile året er motteke. Det ser ut som det kan bli meir aktivitet vedrørende framandspråkleg opplæring, i så fall blir det høgere inntekter og dertil høgere kostnader. Kravet er at budsjettet likevel skal balansere.

Småtun barnehage

Drift som forventa

Barnehage fellesutgifter

Drift som forventa

Private barnehagar

Totalt sett er det et mindreforbruk på kr. 720.000,. Dette skyldast motteke skjønsmidlar for heile året. Det er et meirforbruk i kommunalt tilskot som tidlegare er varsla til

rådmannen og kommunestyret. Nytt kommunalt tilskot vil bli utrekna etter sommarferien.

Spesialpedagogiske tiltak

Eininga viser et mindreforbruk på kr. 154.000. Det skyldast inntekter frå staten på heile fyrste halvår som er kome inn i mai. Rekneskapen vil mest sannsynleg gå i balanse når me kjem til juni.

Kulturskule

Ingen avvik. Tilsynelatande mindreforbruk på kr. 133.000 men dette skuldast i hovudsak at kontingenten for eit halvt år allereie er kome inn.

Kulturkontoret

Ansvarsområdet har meirforbruk på kr. 57.000. Grunnen til meirforbruket kjem i hovudsak frå Liv og Lyst prosjektet, her er det søkt om statsmidlar som enno ikkje er motteke, i tillegg er kostnadene godt over budsjett. Tilskot til lag og organisasjonar var politisk handsama 6. mai og 11. mai, desse er enno ikkje betalt ut. Elles er aktivitet som planlagt.

Bibliotek

Aktivitet som planlagt.

Nokre innkjøp blir gjort berre få gonger i året, og det vil jamne seg ut mot slutten av året.

3. Helse og Sosial

	Regnskap	Periode budsjett	Års budsjett	Avvik i kr.	Frobru k i %	Regnskap
	30.05.2010	2010	2010		forbruk	30.05.2009
Helse og sosialadministrasjon	704 005	674 273	1 504 200	29 732	47	702 329
Helseavdelinga	2 729 390	2 680 058	6 029 699	49 332	45	2 785 716
Legetenesta	2 969 126	3 372 862	7 440 343	-403 736	40	3 200 741
Sosialkontortenester	1 933 388	1 983 782	4 496 660	-50 394	43	2 211 340
Edruskapsvern	0	4 167	10 000	-4 167	0	-200
Barnevern	1 640 132	1 481 950	3 371 793	158 182	49	1 352 613
Heimetenester, område nord	4 309 712	5 028 549	11 159 989	-718 837	39	4 169 953
Heimetenester, område sør	3 431 876	4 378 738	9 720 284	-946 862	35	3 952 178
Nattevakt i heimesjukepleien	602 579	859 030	1 897 733	-256 451	32	924 087
Eidsbøen bufellesskap	4 030 993	4 493 088	9 919 716	-462 095	41	4 439 353
Prosjekt "lindrande behandling"	73 297	61 013	125 208	12 284	59	79 916
Selbjørn pleie og omsorgssenter	2 387 758	3 426 661	7 680 623	-1 038 903	31	3 305 140
Omsorgsrom selbjørn	2 928 429	3 045 430	6 703 502	-117 001	44	3 776 313
Storebø pleie og omsorgssenter	10 082 391	10 889 975	23 991 762	-807 584	42	11 341 937
Austevoll arbeidssamvirke A/S	1 122 225	982 792	2 008 500	139 433	56	944 032
Helse og Sosial	38 945 301	43 362 368	96 060 012	-4 417 067		43 185 448

Helse & Sosialadministrasjonen

Budsjett i balanse, mindreforbruk på kr. 30.000,- ut over dette ingen kommentarer.

Helseavdelinga

Totalbudsjett i balanse, meirforbruk på kr. 50.000,-.

Jordmortenesta

Fastløn på jordmor viser eit mindreforbruk på kr. 127.000. Dette må sjåast i samanheng med helsesøstertenesta, då jordmorløn for april og mai er ført på denne. Senioravtale fram til juni 2010 vil føre til eit meirforbruk på denne kontoen i forhold til budsjett

Helsesøstertenesta

Helsesøstertenesta har et meirforbruk på kr. 183.000. Dette har to årsaker, jordmorløn for april og mai har blitt ført på helsesøstertenesta, dette er retta opp i juni. 90% stilling som skal reduserast frå 1 juni er fordelt over heile året. Meirforbruket her vil difor rette seg opp mot årsslutt. Det reelle forbruket er i forhold til budsjettet.

Fysioterapitenesta

Fysioterapi er i balanse med budsjett i perioden. Fysioterapitenesta har utfordringar grunna svangerskapspermisjonar, og manglar per dags dato ein fysioterapeut i tenesta. Dette gjer at det er kjøpt inn tenester frå private, som har høgare kostnader enn budsjettet.

Det må bli gitt eit lågare tenestetilbod innan fysioterapi i kommunen i periodane som kjem framover for å halde budsjett. Dersom dette ikkje er fagleg forsvarleg, blir det fortløpande vurdert om midlar skal omfordelast innan sektoren.

Psykiatrisk sjukepleieteneste. Totalt Rapporten syner eit mindreforbruk på kr. 15.000. Dette skuldast at ein skilde postar vert belasta i slutten av året, t.d tilskot til lokallag og kjøp av tenester frå undervisning. Kjøp av psykologtenester vert belasta konto i månaden etter.

Legetenesta

Totalbudsjett 438.000 mindrerforbruk.

Legevakt, mindreforbruk på pålydande kr 302.000. Avvik skyldast at det kun er ført kostnader kring ambulansébåt/skyss for 1. kvartal, kostnader for kjøp av tenester frå private er og lågare enn budsjett, i tillegg lave utgiftsføringar på rekvisita.

Lege Bekkjårvik, eit samla meirforbruk i perioden, kr 32 .000.

Avviket skyldast manglande refusjonar og fastlønstilskot frå staten.

Legekantor Storebø og Hundvåkøy. Mindre forbruk pålydande kr 173.000. Mindreforbruket skyldast at refusjon sykepengar og refusjon svangerskapspermisjon er høgare enn budsjett, i tillegg er det lågt innkjøp på driftsmateriell.

Sosialkontortenester

Totalt sett har ansvarsområdet et mindreforbruk på kr. 50.000

Tiltak rusmisbruk: Ingen aktivitet

Støttekontakt: Ligg i balanse i forhold til budsjett. Ingen kommentarer.

Avlastning. Mindreforbruk i perioden på kr. 182.000. Årsak er at det er gjeve avslag til søkjarar om avlastning fram til sommaren 2010, for å kunne forsvare kjøp av tenester frå Stangeland gard til avlastning etter oppstar og avtale frå juli 2010.

Sosialrådgjeving og rettleiing: Viser eit mindreforbruk på kr 11.600,-, ingen kommentar.

Brukarstyrt personleg assistanse/pleie og omsorg i heimen: Totalt er budsjettet så langt overskride med kr 138.000,-. Ein av grunnane er manglande periodisering.

Reduksjon i tenestetilbodet til enkeltbrukarar. Ei individuell vurdering av kvart enkelt vedtak. Det er sendt søknad om stimuleringstilskot frå staten, og er forventa at det kjem inn ca kr 400 000,- i samband med dette medio 2010. Ein forvenata at rekneskapet er i balanse ved utgangen av året.

Kvalifiseringsordninga: Rekneskapet viser et mindreforbruk på kr 57.000. Det er nå klart at Austevoll kommune vil få kr 476.000 i tilskot frå staten. Første utbetaling er motteken den var på kr 253.000. Elles som planlagt. Tar vi omsyn til periodisering av inntektene, viser rekneskapet balanse i høve til budsjett.

Økonomisk sosialhjelp: Eit meirforbruk på kr 67.000. Meirforbruket skuldast for det meste større utbetaling av sosialhjelp og sosiallån enn budsjettet. Det er ingen grunn til å tru at utgiftene blir mindre i månadene som kjem. I så fall ligg funksjonen an til eit meirforbruk rundt kr. 200.000 ved årsslutt. Totalt for NAV kan det likevel sjå ut som underskotet kan dekkjast ved overføringar innanfor eige budsjett. Situasjonen blir fortløpande vurdert, det må lagast sak til kommunestyret om eventuell tilleggslyving.

Barnevern

Har eit meirforbruk totalt på kr 158.000. Meirforbruket på drift av barneverntenesta er på kr 351.000 pga kjøp av konsulenttenester hovudsakleg til saksbehandling for å få minska fristoverskridingar i undersøkingar og bekymringsmeldingar. Avviket vil sannsynlegvis auka i månadene framover fordi fleire familiar treng hjelpetiltak. Mindreforbruk på barnevernstiltak i heimen, er på kr 109.000 årsaka er at ein har fått evaluert og difor avslutta ueigna tiltak, mange av sakene er nye og vert undersøkt med tanke på mulige tiltak. Det er og generelt liten kapasitet til å arbeida med barna i heimen. Ein grunn til dette er omfattande omsorgssaker. På barnevernstiltak utanfor familien er det eit mindreforbruk på kr

90.000 dette fordi faktura vert sendt etterskotsvis. Tiltak på barnevern for å få budsjettet i balanse blir å flytta midlar frå barnevernstiltak i og utanfor heimen til drift av barneverntenesta, i tillegg til å setja undersøkingar på vent og ikkje oppretta nye tiltak.

Heimetenester nord

Totalt eit mindreforbruk på kr. 719.000. Mindreforbruket skyldast lågare lønskostnader til både fastløn, sjuke og ferievikarar enn budsjettet, noko av mindreforbruket på vikarar blir forventa brukt i sommarferien. Det blir fortløpande vurdert om midlar skal omfordelast innan sektoren.

Heimetenester sør

Heimebaserte tenester mindreforbruk på kr. 947.000,- .Dette skuldast i hovudsak at avdelinga har vore underbemanna på grunn av tilsetjingsstoppen i tilknytning til samanslåinga av sjukeheimane. Det har og vore vanskeleg å få tak i fagpersonale, og ein har nytta ufaglærte personale. Dette gjer at kostnadene vert redusert. Dette vil jamne seg ut når det no er tilsett folk i faste stillingar. Det blir fortløpande vurdert om midlar skal omfordelast innan sektoren.

Nattevakt heimetenesta

Her er det eit mindreforbruk på kr.256.600. Årsaka til dette er og bruk av ufaglærte i stillingar som er budsjetterte med sjukepleiarar.

Eidsbøen Bufellesskap

Eidsbøen Bufellesskap har eit mindreforbruk på kr.462.000.

Dette skuldast at me fram frå nyttår og fram til 12.04 ikkje har tatt inn vikar når personal 4 på kveld har hatt fravær. Frå 12.04 vart bemanninga redusert med 1 årsverk så me vil ikkje kunne gjere desse innsparingane vidare. Budsjettet for 2010 vil gå i balanse, sparte midlar vil bli brukt i forbindelse med ferieavvikling og sjukevikar.

Prosjekt Lindrande behandling

I balanse, marginalt avvik.

Selbjørn pleie- og omsorgsenter

Totalt for alle avdelinger ved Selbjørn pleie- og omsorgsenter viser rekneskapen eit mindreforbruk på kr. 1.156.000. Pleie og omsorgssenteret har et mindreforbruk på kr. 1 039.000 medan omsorgsromma har et mindreforbruk på 117.000. Hovudårsaka til mindreforbruket er at det er lagt tilbake 3,4 mill kroner i budsjettet, jfr. Kommunestyrevedtak 039/10 der 5/12 (1,4 mill kroner)påverkar denne perioden. Det har og vore vanskeleg å få tak i fagpersonale, og ein har nytta ufaglærte personale. Dette gjer at kostnadene vert redusert, det er og brukt lite midlar på vikarar, noko som endrar seg i i feriemånadene. Det er eit meirforbruk på kr. 119.000 på drift og vedlikehald av bygningar, årsaka til dette er høgare straumutgifter enn budsjettet. Ein reknar med at mindreforbruket vil jamna seg ut etter kvart som det nærmar seg årsslutt.

Storebø Pleie- og omsorgsenter

Storebø P.O senter har eit mindreforbruk totalt på kr. 807.000,-.

Nokre av årsakene til mindreforbruk totalt på Storebø P.O senter er at det har vore eit lågare sjukefråvære enn vanleg. Vidare har me ikkje hatt utgifter på ferievikarar. Det vil koma seinare i året. I tillegg har me kome heldig ut i høve til pensjonsinnskott og arbeidsgjevaravgift. Me reknar med at me får eit meir realistisk bilete over dette når sumaren er over. Meirforbruk på drift og vedlikehald skuldast i hovudsak auka utgifter på vedlikehald og alarmsystem. Det er krav om ulike service avtaler. På kjøkendrift viser rekneskapet et

meirforbruk på kr. 69.000, dette er ikkje det rette bilete, da inntekter for mai blir fakturert i juni, desse inntektene er på om lag kr 250.000, dermed går kjøkendrifta reelt med eit mindreforbruk på kr. 180.000.

Austevoll Arbeidssamvirke AS

Eit av driftstilskota visar eit meirforbruk på kr. 139.000, forklaringa ligg i ikkje periodiserte utbetalningar. Øvrige postar i balanse.

4. Skatter og rammetilskot

Ansvar	Regnskap	Periodebudsjete		Avvik i kr.	Forbru k i %	Regnskap mai
	pr.mai	tt	Budsjett 2010			2009
Skatter og rammetilskot	-103 904 048	-106 585 075	-216 035 500	2 681 027	48	-113 840 154

Det er budsjettert med frie inntekter som består av ordinær skatt, eigedomsskatt og statleg rammeoverføring fråtrekt inntektsutjamning.

Totalt ligg skatter og rammetilskot 2.700.000 lågare enn budsjett.

Skatt. Skatteinngongen pr mai ligg kr. 1 045 000 lågare enn budsjett. Det er kome inn kr. 76.545 000 i skatt, dette er ein vekst på 2,26% fra mai 2009. Inntektsutjamninga er på kr 16.924.000 kroner som utgjør kr. 837.000 meir enn budsjettert. Til saman utgjør dette kr 1 882 000 lågare inntekter enn budsjettert. Skatteinntektene i mai var kr. 788.000 høgare enn mai 2009. Inntektsutjamninga for mai er kun eit estimat, endeleg berekning er kome, men blir ført på rekneskapet for juni. Det viste seg at me hadde estimert 3 224 000 for mykje i inntektsutjamning i mai, reelt sett har Austevoll dermed betre skatteinntekter enn bokført, men det kjem fyrst fram i juni rapporten. Ein viser ellers til eige sak angående skatteinngongen for april og mai.

Eigedomsskatten for fyrste halvår 2010 blei fakturert i mars, inntektene her er periodisert i budsjettet som dei blir fakturert. Eigedomsskatten er i balanse mot budsjett og er på kr. 6.100.000.

Rammeoverføringane pr. mai har vi motteke kr. 36.600 000 i rammetilskot, dette er som budsjett..

Mva-kompensasjon. Budsjettert mva-kompensasjon på investeringar er i 2010 kr. 4 312 000. Til no i år er det inntektsført i rekneskapen på finansområdet kr.1.472.000 dette er kr. 325.000 lågare enn periodisert budsjett. Inntektsført momskompensasjon på drift utgjør pr. mai kr. 2.540.000 mot periodisert budsjettert kr. 2.933.000, dvs. kr. 393.000 lågare enn budsjett. 20% av momskompensasjonen frå investeringar skal i 2010 først frå drift til investering, denne flyttinga skjer i slutten av året.

5. Finansiering

Ansvar	Regnskap	Periodebudsjete		Avvik i kr.	Forbruk i Regnskap mai	
	pr.mai	tt	Budsjett 2010		%	2009
Finansiering	5 494 587	5 450 083	11 601 800	44 504	47	6 474 887

Det er eit meirforbruk på finansiering på kr. 45 000. I hovudsak skyldast dette høgare avdrag enn budsjettert. Rentene er kr. 794 000 lågare enn budsjettert. Avvika kjem av at budsjettet er periodisert 12/12 medan vi har kvartalsvise innbetalningar på renter og avdrag. Rentene er 2,2 mill kroner lågare enn same periode i 2009. Avdraga er 1,2 mill kroner høgare enn same tid i fjor.

Vurdering: Rekneskapet er 3,4 mill betre enn budsjett i perioden. Ein veit at det kjem ekstra kostnader på ferievikarar på Helse og Sosialetaten i den næraste framtid, av erfaring har og skulane dei største innkjøpa på haustparten, slik at ein ikkje kan forventa å liggje på same nivå som til no. Det verkar som det er god budsjettdisiplin blant den enkelte leiar, dei tek ansvar og på den måten ser det ut for at budsjettet skal halde.

UTDRAG FRÅ MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYREMØTE 29.06.10.

096/10: Nytt Økonomi- og Finansreglement for Austevoll kommune 2010

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Helge Andre Njåstad, Frp: Tilleggspunkt til vedtak i Formannskapet:
Sak om rentebinding vert lagt fram for formannskapet til hausten.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Økonomi- Finansreglementet for Austevoll kommune vert endra i tråd med ny finansforskrift.
2. Kommunestyret vedtek nytt Økonomi.- og Finansreglement slik det går fram av vedlegg 1.
3. Det nye Økonomi- og Finansreglementet har verknad frå 01.07.2010
4. Sak om rentebinding vert lagt fram for formannskapet til hausten.

REKNESKAPSOVERSYN BUDSJETT FOR KONTROLLUTVALET PR. SEPTEMBER 2010

	Budsjett 2011 V 2011/V:8	Buds(end) 2010	Regnskap 2010	Buds(end) 2009	Regnskap 2009
Ansvar:	1100 Politiske styringsorgan				
Funksjon:	1102 Kontrollutval				
10300 Ekstrahjelp	0	0	0	0	10980
10800 Godtgjering fc	16 000	15 000	0	15 000	4 000
10805 Tap i arbeidsii	10 000	10 000	0	10 000	0
10990 Arbeidsgjevar	4 000	3 500	0	3 500	2 112
11001 Abonnement	2 000	2 000	0	2 000	1 750
11151 Servering	2 000	1 500	240	1 500	0
11500 Opplæring, ku	5 000	5 000	0	5 000	0
11600 Skyssgodtgjer	2 000	2 000	0	2 000	0
11601 Skyssutgifter i	5 000	5 000	0	5 000	0
11954 Kontigentar	1 000	1 000	1 000	1 000	0
12700 Konsulenttenø	52 000	50 000	0	310 000	0
13301 Kjøp av tenes	76 000	74 000	103 001	90 000	120 864
13700 Kjøp av tenes	0	0	85 300	0	493 025
14290 Momskomp	0	0	86 138	0	92 161
17290 Ref momskorr	-13 000	-12 500	-86 138	0	-92 161
Sum funksjon:	162 000	156 500	189 541	445 000	632 731
Ansvar:	1110 Revisjon				
Funksjon:	1101 Revisjon				
13700 Kjøp av tenes	361 000	350 000	194 575	488 000	202 170
14290 Momskomp	0	0	48 644	0	110 375
17290 Ref momskorr	-90 000	-87 500	-48 644	0	-96 625
Sum funksjon:	271 000	262 500	194 575	488 000	215 920
T O T A L T	433 000	419 000	384 116	933 000	848 651



SAKSFRAMLEGG

Til: Kontrollutvalet

Dato: 29.september 2010

Sakshandsamar: Nygard, Kari

Kopi til:

Sak: 25/10

25/10 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR KONTROLL- OG TILSYNSARBEIDET FOR 2011

Bakgrunn for saka:

Av "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner" finn ein i § 18 formuleringa om at kontrollutvalet skal utarbeide framlegg til budsjett for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

§ 18. Budsjettbehandlingen

"Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapet/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.

Drøfting:

Kontrollutvalet har ansvar for å utarbeide budsjettforslag for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det egentleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet innstilla direkte overfor politisk organ.

Sidan sak om revisjonstenestene ikkje er endeleg avgjort når denne saka vert skreve, så vert det teke utgangspunkt i gjeldande avtale som er inngått med KPMG, og kalkulert inn ein auke i høve til dette. Uavhengig av kva revisjonsselskap som vert valt til revisor for neste periode, så vil kostnadane med revisjon auka ein del. Budsjettert kostnad med revisjon skal dekkja både arbeid med rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Ut frå planane innafor dette området, vil prosjekt-arbeid krevja ei ramme på om lag 250 timar for kommunar med Austevoll sin storleik.

Det er også lagt inn kr 50.000,- i ekstra tiltaksmidlar til evt. ad-hoc oppgåver, t.d. øvrig forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og utgreiing, som måtte koma undervegs i året.

Vidare er det lagt til grunn at det er 5 møter i kontrollutvalet for året, med om lag like stor saksmenge som "eit vanleg år". Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for medlemene i kontrollutvalet er auka litt i høve til inneverande år. Kostnader er medteke slik at medlemmar i kontrollutvalet kan delta på ein nasjonal fagleg kontrollkonferanse, folkevaldopplæring for nytt kontrollutval hausten 2011, medlemskap i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) og servering på utvalsmøta.

Det er kommuneval i 2011, og det skal veljast nytt kontrollutval hausten 2011. Det vil difor vera rett å setja budsjett ut frå minimum 5 møter.

Prisen for tenestene sekretariatet gjer for kontrollutvalet er rekna ut frå 5 møter og saksmengde som i eit "normalår". Den er regulert i tråd med kostnadsutviklinga som går fram av Statistisk Sentralbyrå sin indeks for andre tenester med arbeidsløn som dominerande prispfaktor.

Konklusjon:

På bakgrunn av dette tilrår sekretariatet at kontrollutvalet innstiller overfor kommunestyret om godkjenning for det budsjettforslaget som ligg føre.

FORSLAG TIL INNSTILLING

Kommunestyret godkjenner budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i 2011 i Austevoll kommune slik det ligg føre.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Rådgevar

Vedlegg:

- Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsområdet for 2011

Kontrollutvalet i Austevoll kommune, budsjettframlegg for 2011				
form.	Tekst	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Merknader
	Godtgjersle folkevalde (5 møter pr. år)	15 000	16 000	Møtegodtgj. Kr 400,- pr. møte pr. medlem + kr 4.000 til utvalsløiar
	Tapt arbeidsforteneste	10 000	10 000	
0,12	Feriepenger av tapt arb.fort. 12 %		1 200	1 200
0,141	Arbeidsgjevaravgift	3 500	3 800	3 835
0,13	Servering på møta	1 500	1 500	lfm. møter i kontrollutvalet
0,25	Kurs/opplæring	5 000	10 000	Kontrollutv.konferanse, folkevaldopplæring o.l
0,07	Skyssgodtgjering	2 000	2 000	Reise til/frå møte i utvalet
0,07	Skyssutgifter folkevalde	5 000	10 000	Reise i samb. med kurs / opplæring
	Kontingentar	1 000	1 000	Kontingent Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)
0,25	Abonnement	2 000	2 000	Kommunerevisoren til utvalsmedlemene
0,25	Ekstra tiltaksmidler	50 000	50 000	Reservert ad.hoc., øvrig forv.rev., utgreiing og selskapskontroll
0,25	Kjøp av sekretariatstenester	74 000	94 000	Berekna ut frå ca. 5 møter samt auke ut frå SSB-berekn.
0,25	Sekret.arb. lfm. Konk.uts.revisjon	0	0	
0,25	Kjøp av revisjonstenester	350 000	450 000	Rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid på oppdrag av kontrollutvalet (t.d. forvaltningsrevisjon)
	Meirverdiavgift	121 000	152 000	152 535
	MVA-kompensasjon	-121 000	-152 000	
		519 000	651 500	



SAKSFRAMLEGG

Til: Kontrollutvalet

Dato: 29.september 2010

Sakshandsamar: Nygard, Kari

Kopi til:

Sak: 26/10

26/10 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR

Bakgrunn for saka:

I denne saka vert møteprotokollar frå politiske organ lagt fram for kontrollutvalet. Dette er ein fast post på kontrollutvalet sine møter. Møteprotokollane kan lastas ned frå Austevoll kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

På siste møte i kontrollutvalet vart gjennomgang av møteprotokollar utsett, så difor er det ein del protokollar der ein bør vurderer om det er aktuelle saker å undersøke nærmare.

Det er gjort vedtak om at særskilt ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Arne Kalve Klepsvik
Formannskapet / Planutvalet	Anne-Kristine Bakke
Tenesteutvalet	Hans Reidar Njåstad

Det vil være aktuelt å referere frå desse møteprotokollane:

- Kommunestyret: 29.06.10 og 28.09.10.
- Formannskapet / Planutvalet: 15.06.10, 26.08.10 og 16.09.10.
- Tenesteutvalet: 14.06.10 og evt. protokollar for 23.08.10 og 13.09.10

FORSLAG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Rådgevar